

**Sakshandsamar:**

Kenth Rune T. Måren  
E-post: kenth.rune.maren@sfj.no  
Tlf.: 41530971

**Vår ref.**

Sak nr.: 15/12698-2  
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**

52698/15

**Dykkar ref.****Dato**

LEIKANGER, 07.12.2015

Utdanningsdirektoratet  
Postboks 9359 Grønland  
0135 Oslo

## **Søknad om forsøk med nytt valfritt programfag innan studiespesialiserande utdanningsprogram - Klima og miljøfag**

Med heimel i opplæringslova § 1-4 søker fylkesdirektøren for opplæring om godkjenning av forsøk med utprøving av nytt valfritt programfag, klima- og miljøfag. Faget vert plassert inn under studieførebuande utdanningsprogram, programområde for språk, samfunnsfag og økonomi, med ein forsøksperiode på to år.

### **Utdjuping av formålet med søknaden**

Faget er utvikla for å få ei heilskapleg ramme rundt klima- og miljøspørsmål, som i dag er fragmentert som deler av mange fagplanar. Faget tek utgangspunkt i det tverrfaglege møtet mellom samfunns- og naturvitskapleg tenking, og legg stor vekt på handlingskompetanse.

Klima og miljø er sentrale tema for noverande og komande generasjonar. Det blir blant anna slått fast i NOU 2015: 8 «Fremtidens skole». Klimaendringane fører til nye rammevilkår, ny kunnskap og nye jobbar som gjer at komande generasjonar vil leve fundamentalt annleis enn i dag. Klima- og miljøfag skal gje elevane tverrfagleg innsikt i desse endringane, og lære dei å tenkje kritisk og miljøbevisst (jf. opplæringslova § 1-1).

Faget er tenkt lagt til programområde for språk, samfunnsfag og økonomi, men temaa i læreplanen er tverrfaglege, bygt på samfunns- og naturvitskapleg tenking for å skape ei heilskapleg tilnærming til fagstoffet. Vidare bygger læreplanen opp om samanhengen mellom teoretisk kunnskap, refleksjon og handling, med handlingskompetanse som eit eige hovudområde for å framheve at ein gjennom faget ikkje berre skal tileigne seg kunnskap, men òg verte trena i å ta i bruk kunnskapar og ferdigheiter (Læreplanen for klima- og miljøfag er lagt ved søknaden). Læreplanen legg til rette for varierte undervisningsmetodar, som til dømes omvendt undervisning, og kan gjennomførast som nettbasert undervisning med samlingar og ekskursjonar. Fagstoffet skal vere tilgjengeleg digitalt og tilrettelagt for nettbasert undervisning. Denne oppbygginga av læreplanen vil gje fleksibilitet og moglegheit for tilrettelegging for lokale variasjonar og pedagogiske tilnærmingar, i tillegg til at det vil vere tilrettelagt for at fleire skular kan samarbeide om å tilby faget. Vidare vil det lokale perspektivet i læreplanen gjere at ulike skular i forskjellige delar av landet kan tilpasse temaa til ulike lokale utfordringar og område. Denne oppbygginga av læreplanen gjev rom for djupnelæring innafor alle hovudområda.

## Forhold til andre læreplanar

Klima, miljø og berekraftig utvikling er tema som går igjen i fleire læreplanar. I fyrste rekke gjeld det vg1-faga naturfag, geografi og samfunnsfag. Klima- og miljøfag byggjer vidare på desse læreplanane. Nokre små faglege overlapp finst, men der vil klima- og miljøfag gå djupare. Vidare har geofag 2 mange kompetansemål om klima og klimaendringar. Men medan geofag 2 går tyngre inn i den naturvitskapelege forklaringa av klimaendringane, tek klima- og miljøfag i større grad for seg samfunnsperspektivet. Ein vil også finne små overlapp i andre fag, men klima- og miljøfag skil seg ut ved å samle desse temaa i eitt fag som gjev høve til djupnelæring og heilskapleg tverrfagleg tenking. Dette er naudsynt for å handsame temaa på ein god måte, i og med at dei i seg sjølv er tverrfaglege.

I arbeidet med læreplanen har Sogn og Fjordane fylkeskommune henta hjelp og innspel frå ulike fagmiljø, mellom anna:

- Bjerknessenteret ved Universitetet i Bergen
- Høgskulen i Sogn og Fjordane
- Norges bio- og miljøvitenskapelige universitet
- Vestlandsforskning

## Firda vidaregåande skule

Utprøvinga av programfaget er lagt til Firda vidaregåande skule. Skulen har hatt arbeidet med utviklinga av det nye programfaget som eitt av sine satsingsområde, og har innleia eit samarbeid med Gloppen kommune for å hauste erfaring med opplæring i berekraftig utvikling gjennom heile oppveksten; frå barnehagen til vidaregåande skule. Alle barnehagane og skulane i kommunen er med på eit prosjekt som prøver å «nøste ein grøn tråd» gjennom heile opplæringsløpet. Søknaden om å opprette det nye programfaget er ein del av denne heilskapstenkinga i skulane i Gloppen kommune. Samstundes arbeider Høgskulen i Sogn og Fjordane med å opprette eit tilbod for lærarar i grunnskule og vidaregåande skule om vidareutdanning i naturfag med vekt på klima, energi og miljø. Tilbodet er tenkt lagt til Sandane frå hausten 2016.

Dersom Sogn og Fjordane fylkeskommune får høve til å etablere eit programfag i klima- og miljøfag, kan Gloppen bli ein viktig forsøkskommune når det gjeld å få det grønne skiftet inn i opplæringa, frå barnehagen til lærarrommet.

## *Samspel med næringslivet*

Firda vidaregåande skule ligg i Gloppen kommune, midt i Nordfjord. Kommunen er storprodusent av fornybar energi med vel 20 kraftverk og hovudkontor for Sogn og Fjordane Energi og Vestavind Kraft. Gloppen er den største landbrukskommunen i fylket og har fleire bedrifter som har gjort energieffektivitet til si merkevare. Skulen har eit nært samarbeid med næringslivet i Gloppen. I tillegg ligg skulen i eit område med mange brear og store naturområde, inkludert Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde og Jostedalsbreen nasjonalpark, som eignar seg som «klasserom» for det nye programfaget.

Det er mykje fagstoff som kunne vore innhald i eit klima- og miljøfag. I arbeidet med fagplanen har vi måtta gjere eit utval. Om forsøket vert vellukka, ynskjer vi å bygge vidare med klima- og miljøfag 2 (vg3-nivå) for komplettering og vidare fordjuping. Vi ser for oss at hovudområda er dei same som for klima- og miljøfag 1. Ein stikkordskisse med kompetansemål/innhald i klima og miljøfag 2 ligg ved.

## Tidsplan

Firda vidaregåande skule vil tilby det nye programfaget til sine elevar på vg2 og vg3 frå skulestart hausten 2016. Dette føreset at tilbodet er godkjent som forsøk frå og med skuleåret 2016/2017. Med ei forsøksordning på to år får vi prøvd ut programfaget på to elevgrupper.

## Økonomi

Kostnadene Firda vidaregåande skule har hatt med utvikling av programfaga er teke av eiga ramme, med tilskot frå eksterne samarbeidspartnarar.

Kostnader knytt til utprøving av programfaget vert dekkja innanfor skulen sine eigne rammer, med støtte frå eksterne samarbeidspartnarar.

## Forankring

Søknaden er forankra hos impliserte fagorganisasjonar, hos elevane, alle tilsette og aktuelle samarbeidspartnarar. Sjå vedlegg.

## Samarbeidspartnarar

Firda vidaregåande skule har inngått partnarskapsavtalar med ulike bedrifter og institusjonarsom vil samarbeide og stø opp om eit forsøk med klima- og miljøfag. Vi har til no inngått partnarskapsavtalar med desse bedriftene/institusjonane:

- Bjerknessenteret ved Universitetet i Bergen
- Bolseth Glass
- Brødrene Aa
- Frydenbø bilsenter
- Gloppen hotell
- Gloppen kommune
- Høgskulen i Sogn og Fjordane
- Nordfjord folkehøgskule
- Nordfjord folkemuseum
- Nordfjord Miljøverk IKS
- Sogn og Fjordane Energi (SFE)
- Vestlandsforskning

## Plan for evaluering

Forsøket vil bli dokumentert, evaluert og rapportert, mellom anna gjennom undersøkingar blant elevane som følgjer faget. I dette arbeidet har vi fått med oss Høgskulen i Sogn og Fjordane som vil bidra med ca. 300 arbeidstimar, knytt til sitt arbeid med forskning og utvikling, noko som difor går utanom budsjettet vårt. HiSF vil ha ansvaret for gjennomføringa av arbeidet med evaluering av forsøksordninga, og utprøvinga av ny læreplan i samarbeid med skuleleiinga ved Firda vgs.

Foreløpig plan for evalueringsarbeidet:

Kva	Korleis	Tid	Ansvarleg
<b>Lovverk og læreplanar</b> -Dekker faget og gjennomføringa av faget lovverket, formålsparagrafar og læreplan, generell del og grunnleggande ferdigheiter?	Analyse av læreplan Djupneintervju Spørjeundersøking	Haust 16 Vår 17 og 18 Vår 17 og 18	HiSF
<b>Faget sin plass i tilbodsstrukturen i</b>	Analyse av læreplanar	Haust 16	HiSF

<b>vgs.</b> -Er det behov for dette faget ved sida av andre fag som har overlappende tema?	Djupneintervju Spørjeundersøking	Vår 17 og 18 Vår 17 og 18	
<b>Eleven si oppleving av faget</b> -Samsvar mellom forventningar og oppleving -Måloppnåing/vurdering/taksonomi -Endring av medvit og kompetanse om klima og miljø	Spørjeundersøking Djupneintervju  Spørjeundersøking m/kontrollgruppe	Vår 17 og 18 Vår 17 og 18  Haust 16 og 17 Vår 17 og 18	HiSF
<b>Læraren si oppleving av faget</b> -Samsvar mellom forventningar og oppleving? -Måloppnåing -Tilrettelegging, tilpassing, metodikk -Tverrfaglegheit -Taksonomi -Vurderingsarbeidet -Kompetansebehov	Djupneintervju Spørjeundersøking	Vår 17 og 18 Vår 17 og 18	HiSF
<b>Skuleleiing</b> -Gjennomføring -Kompetansebehov -Organisering, metodikk, læremiddel -Relevans -Ressursbruk	Djupneintervju Spørjeundersøking	Vår 17 og 18 Vår 17 og 18	HiSF
Spørjeundersøkingane vil bli gjennomført ved oppstart, undervegs og ved avslutning for kvart år i forsøksperioden, med tilpassa innhald basert på kva ein ønskjer å fokusere på. Høgskulen i Sogn og Fjordane har ansvar for planlegging og gjennomføring av evalueringa i samarbeid med skuleleiinga ved Firda vgs.			

Sogn og Fjordane fylkeskommune søker Utdanningsdirektoratet om godkjenning av forsøk med utprøving av nytt valfritt programfag, klima- og miljøfag i for ein periode på to år.

Med helsing

Bekka Skaasheim  
Fylkesdirektør for opplæring

Kenth Rune T. Måren  
teamleiar

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

Vedlegg:

1. Læreplan i klima- og miljøfag
2. Klima- og miljøfag 2 – Kompetansemål/innhald (stikkordskisse)
3. Budsjett og finansieringsplan for forsøk med klima- og miljøfag
4. Dokumentasjon på forankring hjå elevrådet ved Firda vgs.
5. Dokumentasjon på forankring hjå tilsette ved Firda vgs.
6. Partnerskapsavtalar

Mottakar (ar)  
Utdanningsdirektoratet

Kopi til:  
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane Njøsavegen 2 6863 LEIKANGER  
Hallgeir Hansen, FIRV